

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Knarvik 14. april 2023

## **Innspel til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 høyringsutkast 7.2.23**

Lindås Sogelag vil nytta høvet til å koma med nokre innspel til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

Det er mykje bra i planen og me meiner dette er eit godt grunnlag for at me i framtida kan få eit godt vern av kulturarven i kommunen vår.

Under punktet, Kulturarv *Museum og samlingar* vil vi utdjupe litt

I verkeområdet for Lindås sogelag har kommunen tidlegare sikra fleire kulturminne med stor lokalhistorisk interesse. (Skulemuseet, Leivestadtunet, husmannsplassen Vikjæ, stovehuset Roparshaugsamlinga med eiga gjenstandssamling og Gamlestova på Tveiten.)

Lindås sogelag har den største gjenstandssamlinga i regionen. Denne omfattar reiskapar, husgeråd og tekstilar, samt båtar og sjøbruksjengerstandar. I tillegg har me ei fin samling av elektronikk og det har kome til ei stor unik samling knyttta til postmuseet på Feste. Postmuseet formidlar og den Trondhjemske postvei. Postvegen er mellom dei eldste ferdsleårene på land og deler av denne går gjennom Alver Kommune.

For å få full nytte av denne eiga treng kommunen faste tiltak som kan fungera når eldsjeler er borte og nye generasjonar står framande for si eiga historie. Difor må planprogrammet ta for seg oppretting av eit lokalhistorisk museum, og tilsetjing av formidlingspersonale med kulturhistorisk og museumspedagogisk bakgrunn. I tillegg treng den store samlinga tilfredstillande magasin. Dette gjeld heile samlinga også båtane sogelaget har i Kraftlagsbygget i Alversund og i ishuset på Myksvoll. Samlinga treng å bli tatt hand om av fagfolk som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) for å sikre gode oppbevaringsforhold. Det hadde vore ynskjeleg at museet og samlinga var lokalisert på ein lett tilgjengeleg plass, då særleg med tanke på skuleklassar og viktigheita av å læra å kjenna si historie.

Lindås Sogelag har eit stort etterslep på registrering av lokalhistoriske gjenstandar, då det ikkje blei gjort arbeid i magasinet under koronaen, grunna at dei som arbeidde med dette var i risikosona. Pandemien synte kor sårbart det er å basere slikt arbeid berre på frivilligheit. Me står og ovanfor eit stort arbeid med å digitalisere samlinga. Ca 6000 gjenstandar skal fotograferast og registrarast i Primus for så å leggast ut på Digitalt Museum. Eit stort og omfattande arbeid som er vanskeleg å førestille seg at ein kan klare å gjennomføre utan ressursar i form av prosjektmidlar eller ei stilling til å fullføre dette arbeidet.

Me vil og nemne at me årleg gjev ut det årboka Mimra, som ein brukar mykje ressursar på. Dette er viktig dokumentasjon av lokalhistoria.

Lindås Sogelag har og teke på seg ansvaret for å ta vare på kåken i Tirebotn. Kåken vart sett opp under 2. verdskrig og var hovudkvarteret til motstandsrørsla i området. Her skjulte fleire motstandsfolk seg og det vart produsert illegale aviser. Bygget som står der i dag er ein rekonstruksjon. Sogelaget har gjort vedlikehalds og restaureringsarbeid på bygget, interiøret er gjenskapt og står omtrent slik det var under krigen. Dette er eit viktig krigsminne som ikkje må gløymast.

I samlingsplanen til musea i Hordaland står det at Lindås sogelag arbeider med å realisere eigne planar for permanente magasin/utstillingslokale på Seim og difor ikkje er drøfta i behov for fellesmagasin. Dette medfører ikkje lenger riktigheit, men det vil sei at det er ekstra viktig at dette løysest lokalt.

I tillegg vonar me at Sissel-Anny Hjelmtveit si samling av dampbåthistorie, bilhistorie og veghistorie med film og gjenstandar som ho har i museet «Gamle Seimstrand» i Seim, også kan få ein plass.

Venleg helsing  
Anne Mette Prestegård  
Samlingsansvarleg Lindås Sogelag

På vegne av Lindås Sogelag